

# Regelverk for opprykk

## Førstelektor



# Regelverk for opprykk

- Opprykk er regulert i Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger.
- Høyskolelektorar som har fast stilling eller åremålsstilling ved institusjonar under lov om universiteter og høyskoler kan søke om opprykk til stilling som førstelektor.



# Regelverk for opprykk

- Krava til ein førstelektor er:

*«Dokumentert omfattende forsknings- og utviklingsarbeid som i kvalitet og omfang tilsvarende arbeidsmengde og nivå for en doktorgradsavhandling»*

Eller

*«Dokumentert omfattende kunstnerisk utviklingsarbeid som i kvalitet og omfang tilsvarende arbeidsmengde og nivå for en doktorgradsavhandling»*

Desse krava gjeld for begge alternativa over:

- *«Spesielle kvalifikasjoner innenfor undervisning eller annen pedagogisk virksomhet skal tillegges stor vekt»*
- *«Dokumentert relevant praktisk-pedagogisk kompetanse på grunnlag av utdanning eller undervisning og veiledning.»*



# Regelverk for opprykk

- Kva vedlegg ein skal legge ved søknad om opprykk føl av forskrifta, men gir lite hjelp:
- «Ved søknad om opprykk til førstelektor skal søkeren legge ved nødvendig dokumentasjon for den sakkyndige vurderingen.»
- HVO har ikkje eigne retningslinjer for å presisere krava til ein førstelektor.
- Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal revidere HVO sine retningslinjer, ein vil då mest truleg forsøke å seie noko særskilt for kvar stillingskategori.
- UHR har ein god rettleiar som ein kan bruke:
- <https://www.uhr.no/f/p1/i5a9ceb87-f2ad-425b-a027-7cebf4294986/veiledning-for-deg-som-vil-soke-opprykk-til-forstelektor-november-2007.pdf>
- I tillegg har ein hatt kontakt med professor Tor-Helge Allern som har tolka regelen om førstelektorkompetanse og utarbeid dokumentet «Kriterier for vurdering av søknader om førstekompetanse» [http://kunstfak.no/wp-content/uploads/2015/11/allern\\_kriterier.pdf](http://kunstfak.no/wp-content/uploads/2015/11/allern_kriterier.pdf)



# Regelverk for opprykk

- Ein gir beskjed til personalkontoret om at ein ønsker å søke om opprykk. Personal oppretter ei «stilling» i Jobbnorge.no. Her legg ein inn søknad og vedlegg, det er ingen frist på dette. Ein ser på bakgrunn av tilbakemeldingar frå sakkunnige utval at det lønner seg å vere ryddig og at ein «samlar» dokumentasjon på det ein har gjort undervegs. Sakkunnig utval kan berre vektlegge det ein har dokumentert med attest/stadfesting/vitnemål osv.
- Når vi har fått melding om at ein tilsett ønsker å søke om opprykk, tek vi kontakt med dekan, og ho kjem med eit forslag til sakkunnig utval. Utvalet skal bestå av 3 personar, begge kjønn skal vere representert. Samansetninga av utvala er nærare regulert i forskrifta § 2-4.
- Når søknaden er ferdig, får utvalet tilgang til søknad og vedlegg i Jobbnorge.
- Sakkunnig utval bruker HVO sine interne retningslinjer og forskrifta som grunnlag for arbeidet.



# Regelverk for opprykk

- Når sakkunnig utval er ferdig med vurderinga, blir den sendt til søkjaren. Ho har då 14 dagar til å kome med evt. meknad. Merknad blir lagt ved saka når den skal til Tilsetjingsutvalet for undervisings- og forskerstillinger. (TUFO) for vedtak.
- Opprykk blir vedtatt i TUFO. Sakkunnig vurdering må vere einstemmig for å få opprykk, og ein kan berre få opprykk innanfor det fag ein er tilsett i. Opprykket er personleg og får ingen innverknad på t.d. arbeidsoppgåver.
- Ein får opprykk frå første dag i månaden etter at fullstendig søknad er mottatt.
- I plan for lokal lønspolitikk for HVO er det framforhandla at ein får «minst kr. 30 000 over tidlegare årsløn» ved opprykk til førstestilling. Dette får ein frå samme dato.



# Regelverk for opprykk

- Ein kan og få opprykk ved å søke på stilling som førstelektor ved andre institusjonar. Då sender ein søknad om opprykk til personalkontoret og legg ved den sakkunnige vurderinga ein har fått.
- Opprykk blir vedtatt i TUFO.
- Har ein søkt om personleg opprykk der HVO har sett ned sakkunnig utval og ikkje blitt vurdert til å ha førstelektor-kompetanse, kan ein likevel søke om opprykk på bakgrunn av sakunnige vurderingar utført ved andre institusjonar i samband med utlysing av stilling.

